

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: \*

Tal uprenta vedlegg: \*

## **Møteplan 2006**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

Møteplanen for 2006 vert slik:

*9.-10 . februar i Hordaland*

*8.-9. juni i Sogn og Fjordane*

*28.- 29. september i Møre og Romsdal*

*7.- 8. desember i Rogaland*

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **1. SAMANDRAG**

Det vert gjort framlegg om fire ordinære møte i 2006, 2 i vårhalvåret og 2 i hausthalvåret.

Vestlandsrådet hadde i 2004 fire møte, tre om våren og eit om hausten. Det var planlagt eit femte møte i desember, men det vart utsett til januar 2005. I 2005 vart det avvikla 6 møte inkludert det utsette møtet frå 2004

Møteplanen bør sikre ein tilstrekkeleg kontinuitet i arbeidet, samstundes som det blir teke omsyn til at det er eit stort apparat å kalla inn til møter i Vestlandsrådet. Det har vore ein passeleg møtefrekvens i dei åra Vestlandsrådet har vore i aktivitet. Siste året har likevel vore prega av ein auka aktivitet knytt til utgreiingsarbeidet "Vestlandsregion eller vidare samarbeid".

Det er lagt opp til todagarsmøte for å ha høve til å legge møta i Vestlandsrådet saman med ulike temamøte/konferansar. Det er vidare lagt opp til sosialt samvær og eventuelle faglege og kulturelle innslag dagen før møta i Vestlandsrådet.

Det lagt opp til slike møte i 2006:

Vårhalvåret:

*9.-10. februar i Hordaland*

Vest-Norsk nettverk og Vestlandsrådet ønskjer å arrangere ein felles konferanse torsdag 9. februar 2006 ved Høgskolen i Bergen som skal fokusere på samarbeidsformer og partnerskap mellom det regionale nivået og Vestlandsrådet.

*8.-9. juni i Sogn og Fjordane*

For hausten blir det gjort framlegg om to møte.

*28./29. september i Møre og Romsdal*

*7./8. desember i Rogaland*

Ein må vere open for behov for ekstramøte.

IS Fjordvegen og Vestlandsrådet skal samarbeide om Fjordvegkonferansen 2006. Den er planlagt arrangert i Førde 29. og 30.mars 2006